

Årdal Jeger og Fiskerforening  
Utlastova  
6884 Øvre Årdal

NVE Konesjonsavdelingen  
Postboks 5019 Majorstua  
0301 Oslo

## **Årdal Jeger og Fiskerforening sin uttale til Melding med konsekvensutgreiing for Fardalen kraftverk i Årdal kommune**

Årdal Jeger og Fiskerforening er ein interesseorganisasjon for jakt fiske og friluftsliv. Vårt utgangspunkt er bevaring og forvaltning av områder for oppvekst for vilt og fisk. Vidare tilrettelegging for almenta til å kunne nytte denne ressursen gjennom jakt, fiske og oppleving av det naturen kan by på.

Vi er opptatt av å ta vare på dei verdiar som gjer ”**Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida**”. Da er tilgang og bevaring av naturen i Årdal ein av dei viktigaste faktorane på sikt for å etterleva denne visjonen.

### **Innleiing**

Bestanden av laks og sjøaure og dens leve og oppvekstområder er viktige å ta vare på, dette er eit forsømt område i Årdal kommune. Årdalsvassdraget er svært regulert og fleire elvar er planlagt utbygd. Reguleringen av elvane har ubetinga ført til reduksjon av fisken sitt gyte og oppvekstområde og ein reduksjon i fiskestammen både av laks og sjøaure. Vassdraget har etter utbygging ikkje hatt nemneverdige avbøtande tiltak når det gjeld utbetring av arealet for fisken i vassdraget.

Det er ei nasjonal målsetting å ta vare på det biologiske mangfaldet og sikre laks og sjøaure oppvekst og levevilkår.

For kvar utbygging vi har i Årdal des mindre deltek vi i å bidra til å nå dei nasjonale målsetningane. Utan avbøtande tiltak bidreg vi til at Årdal vert fattigare og fattigare på opplevingar som den mektige naturen rundt oss har gitt oss i alle år.

Utbygger skriv i sin melding om konsekvensutgreiing følgande:

#### **”6.4 Aktuelle lokaliseringsalternativ**

*Det finnes ingen alternativer som vurderes som relevante og som ville ha lavere skadevirkninger enn det foreslåtte tiltaket”*

Vidare så skriv utbygger følgande om fiske

#### **”5.2 Virkninger for fisk og utøvelse av fiske**

*Utbygger har undersøkt med Fylkesmannen og det er ingen oppgang av fisk forbi Fardalsfossen. Det er dog brunørret i vassdraget ovenfor fossen, og denne kan komme nedover vassdraget med flommer.*

*Utbygger mener derfor at denne utbyggingen har liten eller ingen innvirkning på fisk og utøvelse av fiske”*

Langs heile kysten av Noreg er det lagt restriksjonar på fiske etter laks og sjøaure både i fjordar og i elvar. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på den laks og sjøaure som finnes i våre elvar. Da er bevaring av gyteplassar og tilgang på vatn det viktigaste.

Ei utbygging av Fardøla som beskreve i den utsendte høyringa må reknast som miljøkriminalitet dersom ein tillet utløpstunellen å kome rett ut i Årdalsvatnet. Ein vil da kunne risikere å fjerne det som kan vere ein av bærebjelkane for bevaring av sjøaurestammen i vassdraget / kommunen. Fardøla er viktig, om ikkje den viktigaste, som gyte og oppvekstområde for yngel i Årdalsvassdraget. ( sjå utdrag fra rapport under)  
Dersom Fardøla skal byggast ut er det viktig at ein ser på heile kommunen under eit når det gjeld bevaring av laks og sjøaurestammen i vassdraget. Det må lagast ein plan som sørger for at vi i Årdal tilrettelegg for at laks og sjøaure skal ha mulegheit til å overleve og vekse opp. Det betyr at vi må sjå på dei som er utbygd, dei som har planar om utbygging og evt bekker som kan bidra til at sjøauren går opp og gyt.

## **I Årdal Utvikling Strategisk næringsplan står det blant anna.**

### ***"4.3 Reiseliv som satsingsområde***

*Eit anna fortrinn Årdal har er den ville og vakre naturen. Loddrette fjellsider på mange hundre meter med praktfulle fossefall kan ta pusten frå dei fleste flatlandsbuarar."*

Det er viktig for Årdal å forsatt kunna syna den ville naturen, trass utbyggingar. Dette er verdiar ein ikkje kan sette kronebeløp på men som er viktige for å bevara det inntrykk vi ynskjer at besøkande skal ha av Årdal.

Årdal kommune er lite profilert som reisemål, vi vert i størst grad betegna som industrikommune. Inntrykket turistane sit att med etter eit besøk i Årdal er vår beste profilering. Øvstunsfossen er visuelt viktig for å bevara inntrykket av Årdal som bygda med praktfulle fossefall. Den ligg strategisk til i så måte når tilreisande reiser frå Årdal og over Tindevegen med utsyn mot Jotunheimen Nasjonalpark. Det er viktig for Årdal at dette heng saman.

Tyngdekraft profilerar seg sjølve som ansvarlege utbyggarar og opptatt av å forvalte vår naturarv med kompetanse og ansvarligheit. Dei er opptatta av å ta vare på dei naturmessige og kulturelle verdiar ifm ein utbygging. Slik Tyngdekraft profilerar seg sjølve så reknar vi med at utløp i Årdalsvatnet er eit strategisk val for å syna fleksibilitet og velvilje på eit seinare tidspunkt. Det er nok forventna reaksjonar på turrlegging av elva.

## **Årdalsvassdraget**

Årdalsvassdraget består av tre hovedgreiner, Fardøla, Uvla og Tya, dei to siste felles ut i Årdøla.

I tillegg til Nundøla, Eldegardselva og Stedjeelvi renn det nokre småelvar/ bekker ut i Årdalsvatnet. Vi må sjå på kva mulegheit laks og sjøaure skal ha til å overleve og formeire seg i Årdal.

Under er det lista opp dei fleste elvar i Årdal og status på desse.

### **Offerdalselvane**

Det er ikke anadrom laksefisk (laks eller sjøaure) i dei to vassdraga, årsaken er oppvandringshinder nede ved fjorden. Det er planlagt utbygging av begge elvane.

### **Vikadøla**

Vassdraget vert i bygdeboka beskreve som ei god sjøaureelv og at det av og til gjekk laks opp. Sjøauren gjekk frå fjorden og fram til Veidehølen. Nyset stedjeutbyggingen 1981 – 1987 tørkla Vikadøla, det har ikkje vert registrert fangst i Vikadøla etter kraftutbyggingen.

### **Seimsdøla**

Den delen av elva som fører sjøaure går fra Årdalsfjorden og opp i ...hølen, ein strekning på 2 km. Det er ikkje organisert fiske i elva og det føreligg ikkje fangstarapport eller rapportar som fortel noko om fiskebestanden. Det er gitt konsesjon på utbygging av kraftstasjon i vassdraget. Kraftstasjon vert plassert ca 1 km fra fjorden. Seimsdøla kan etter utbygging forsatt vere eit bidrag til å berge sjøaurestammen i området.

### **Hæreidselva**

Hæreidselva er påvirka av utbygging sidan den drenerar Årdalsvatnet. Den naturlege vassføring som skal følge årssyklusane er påvirka av kraftproduksjon i nye og gamle Tyin kraftstasjon. Dette påvirkar oppgangen av fisk i vassdraget.

### **Stedjeelvi**

Det er ikkje kjent at det kan gå opp fisk i Stedjeelvi, derimot er det bra fiske i utløpet av elvi. Det er planar for utbygging av småkraftverk i elva.

### **Nundalselvi**

Nundalselva har oppgang av sjøaure. Det er uklart om det vert gytt i elva eller om det er oppvekst av yngel. Det er ikkje oss bekjent at det er gjort undersøkingar på dette. Det er populært å fiske i utløpet av Nundalselva.

Det er laga avtale om utbygging av småkraftverk med ein del av grunneigarane. Det er laga planar for utbygging av småkraftverk.

### **Årdøla (Storelvi med Utla og Tya)**

Årdøla har etter siste utbygging, Nye Tyin i 2004, hatt ein jamn nedgang i fiske og i antal ungfisk. Utla som ikkje var berørt av sist utbygging har i same periode ikkje hatt same negative utvikling når det gjeld ungfisk som Årdøla. Det er ikkje gjort avbøtande tiltak i vassdraget etter sisteutbygging. Sjå under.

Som ein ser så minkar det på ”frie” elvar i Årdal kommune.

### **Fardøla**

Ved undersøkingane i oktober 2007 vart tettleiken av ungfisk i Utla, Årdøla og Hæreidselva berekna til høvesvis 33, 17 og 41 per 100 m<sup>2</sup>. I Årdøla er det ein klar reduksjon i høve til dei føregåande åra, medan tettleiken i Utla er om lag som tidlegare. På dei to stasjonane i Tya var tettleiken 29 per 100 m<sup>2</sup>.

Det var låg relativt tettleik av årssyngel og 1+ i Tya, noko som tilseier at det er lite eller ikkje gyting i denne elvedelen på grunn av grov elvebotn og mangel på eigna gytesubstrat.

Ungfisken i Tya har difor vandra opp frå hovudelva.

**I Fardalselva var det ein total tettleik på 242 per 100 m<sup>2</sup>.** Av desse var det 186/100 m<sup>2</sup> vill aure, og 58/100 m<sup>2</sup> var eldre enn årsyngel. I tillegg var det ein tettleik på 58/100 m<sup>2</sup> avutsett aure som hadde vandra opp i elva etter utsetting i vatnet tidlegare på hausten. **Det var dermed mange gonger høgare tettleik av ungfisk i Fardalselva enn elles i vassdraget. Dette viser at det skjer naturleg gyting av aure i Fardalselva, og det illustrerer også kor høg tettleik det kan vere i ei klar elv samanlikna med dei brepåverka delane av vassdraget** der sikta er dårleg om sommaren/hausten på grunn av leire i smeltevatnet frå breane.

Av vill aure var det anslagsvis 10 000 årsyngel og 5 000 eittåringar, men det er sannsynleg at desse tala er for høge sidan småfisk står nær land der det vart elektrofiska. Sjølv om dei reelle tala er lågare enn anslaga, viser undersøkingane likevel at Fardalselva kan gje eit betydeleg bidrag til produksjonen av vill auresmolt i vassdraget. Det er berekna ein total produksjon på 18 500 auresmolt i Årdalsvassdraget, fordelt på 10 000 i Årdalsvatnet og 8 500 på elvestrekningane (Sægrov mfl. 2006). Auren frå Fardalselva vandrar ned i Årdalsvatnet der den held seg i ein variabel periode for den blir smolt. Den relativt storemengda av 1+ aure frå Fardalselva kan dermed dekke ein betydeleg

#### **4.4. Kjønnfordeling og biomasse**

Det var relativt små skilnader i kjønnfordeling, både for kvar aldersgruppe og samla, med ei svak overvekt av hoer. Variasjonen var litt større innan kvar elvedel, men likevel godt innafør det som kan reknast som tilfeldig.

Total biomasse av ungfisk per 100 m<sup>2</sup> var ca. 2,5 gonger høgare i Tya og Utna enn i Hæreidselva og Årdøla (tabell 4.1). **Biomassen på den eine stasjonen som vart undersøkt i Fardalselva var 595 g per 100 m<sup>2</sup>, dvs. meir enn 3 gonger høgare enn i Tya og Utna, og vel 9 gonger høgare enn i Hæreidselva og Årdøla. Utsett aure i Fardalselva utgjorde 37 % av biomassen, klart meir enn dei andre elvedelane.**

#### **4.5. Presmolt**

Fardalselva: Vassføringa er ikkje målt, men den målte presmolttettleiken på 2,3 per 100 m<sup>2</sup> er truleg under 10 % av det ein skal venta.

Den låge presmolttettleiken i Årdøla og Fardalselva skuldast i høg grad at det meste av ungfisken forlet desse elvane i løpet av første og andre leveåret og veks opp til smolt i Årdalsvatnet. Dette er truleg også i stor grad tilfelle i Hæreidselva.

*(Utdrag fra Rådgivande biologar, Fiskeundersøkingar i Årdalsvassdraget 2007)*

#### **Stamfiske**

ÅJFF nyttar Fardalselva til innfangning av stamfiske for sjøaure kvart år. Det er ikkje uvanleg å fange inn sjøaure under stamfiske på mellom 6 og 10 kg.

## Konklusjon

### Utløpet fra kraftstasjon slik det er planlagt kan ikkje godkjennast og må sjåast på som heilt uaktuelt.

Det må utarbeidast ein konsekvensutgreiing for anadrom fisk i Årdal. Når ein no planlegg å ta den siste rest av laks og sjøaure elvar i kommunen må ein finne ut kva som vert konsekvensen for fisken at nærare 100% av det vatn som renn ut i Årdalsvatnet og Årdalsfjorden renn gjennom kraftstasjon. Kva skjer med vatnet, næringsstoff, oksygeninnhald osv.....

Her er det fleire som har eit ansvar med å bidra, andre utbyggerar og kommunen, gjerne i samarbeid med ÅJFF

I ei evt utbygging må ein gå ut frå at utløpstunellen kjem ut at i fossen /elva. Utløpet fra kraftstasjon må kome ut på ein slik måte at ein ivaretek den naturlege straumningane i hølen og slik at fisken ikkje har mulegheit til å symje inn i utløpstunellen.



*For å ivareta omsynet til straumningane i hølen/elva, det visuelle og for å sikre at fisken ikkje reiser i utløpskanalen, vil eit utløp som merka med gul ring på bilete under kunne ivareta desse krava.*

Krav til gyteområdet er ulikt for laks og sjøaure. Sjøauren gyt nærare land og på grunna, noko som gjer den meir sårbar for vekslande vassføring. Vassføringen i elva må derfor ved einkvar tid vere slik at det under ein evt driftstopp vil vere eit krav til minstevassføring i elva.

Elva må kartleggast med tanke på registreing av gyte, klekke og oppvekstområder. Det må gjennomførast avbøtande tiltak dersom desse vert berørte av utbyggingen. Evt bygging av tesklar for vannspegel osv..... som ivaretek krav til yngel og klekkeområde.

Som synt i teksten over er Fardøla svært viktig for forsatt bevaring av laks og sjøaure i Årdal kommune. Den er og viktig for å ivareta vår stoltheit over naturen i kommunen.

For Årdal Jeger og Fiskerforening

Vidar Moen

Jan Erik Luggenes

Styremedlem

Leiar